

## **Vedtekter for BKK sitt vilffond i samband med Eksingedalsreguleringa.**

### **§ 1.**

Grunnkapitalen til fondet er kr 200000. Avkastinga frå fondet og det årlege tilskotet skal nyttast til viltstelltiltaka i samsvar med til ei kvar tid gjeldande plan vedteken av styret. I tillegg kan inntil 10% av grunnkapital nyttast til større tiltak i einskilde år. I slike tilfelle skal grunnkapitalen byggast opp att til 200000 dei næraste fem åra.

### **§ 2.**

Fondet skal forvaltast etter reglane som er fastsett for offentlege fond. Sekreteriat og rekneskap ligg til kommunane. Funksjonen rullerar mellom kommunane.

### **§ 3.**

Til forvaltninga av fondet skal kommunane oppnemna eit styre som er samansett av ein representant med personleg vararepresentant frå kvar av kommunane. Funksjonstida for styret er 4 år, og fylgjer kommunevalperioden. Styret vel leiar og nestleiar for 4 år om gongen.

### **§ 4.**

Styremøte vert samankalla av leiar, eventuelt nestleiar, med minimum 14 dagars frist. Kvar einskild styremedlem kan krevja styret samankalla. Styret er vedtaksført når 4 medlemmer er tilstades. Det same er tilfellet når 3 er til stades og er samde. Simpelt fleirtal er avgjerande ved avrøysting. Ved likt røystetal er røysta til leiar avgjerande.

### **§ 5.**

Styret skal utarbeida plan for bruken av tilskotsmidlane. Eventuell kommunal handlingsplan for viltforvaltning skal her liggja som grunnlag. Styret får fullmakt til å nytta midlane i samsvar med plan og vedtekter for fondet. Kopi av plan og møteprotokoll skal sendast dei respektive kommunane til orientering.

### **§ 6.**

Vedtektsendringar skal leggjast fram for kommunestyra i Modalen, Vaksdal, Vik og Voss for godkjenning for dei tek til å gjelde.

Vedtektene er godkjende i

Modalen kommunestyre 19. april 2001, sak 10

Voss kommunestyre 26. april 2001, sak 27

Vik kommunestyre 21. mai 2001, sak 45

Vaksdal kommunestyre 18. juni 2001, sak 52